Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. | Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Trysil.

Emne: Lauving. | Bygdelag: Flendalen.

Oppskr. av: Andreas Ropeid. | Gard:

(adresse): NEG. | G.nr. 28. Br.nr. 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Per O. Elgshøen, f. på Elgshøen 1880. Bonde.

SVAR

1. Ved Engeren tar dei nok noko lauv, men ikkje elles. Lauv var årvisst fór.

Utenom Engeren-gardane hev lauvinga tatt slutt den siste mannsalderen.

2. Det var tatt lauv 2 ganger om året; om sommaren før slåtten og om hausten.

Ein tar lauv av bjørk, rogn og selje. Arbeidet kallast å ta løv, løvårur.

3. Ein tar lauv med løvhakke: det er bakre delen av ein ljå, ca.15 cm. lang, som er fest til eit stutt, rett skaft. Større tre vert fellt med øks.

Ein har ikkje noko reidskap til å høya ned greinen med.

Ask og eik finnst ikkje på Elgshøen, veit ikkje kosleis dette er andre stader.

Det vert rispa litegrand lauv av vi-kjærr (vie^r-kjærr), men det er svært tilfeldig om ein trong noko lauv i ei snøggvende: Det var ungearbeid. Vier-lauv rekna dei for å vera svært dårleg.

Ein hadde ikkje nokon reidskap til å verne handa med når ein rispa vierlauv.

4. Unge tre vert bøygd ned, større tre vert hogne.

Omgrepet kylletre er ukjent.

5. Omgerpet rispeteiner eller lauvteiner er ukjent. Lauvet vert ikkje tørka på bakken, det blir lagt i kjerver med ein gong. Desse vert hengt på hesjer, men først hadde dei hange 2-3 dagar til tørk i trea der det høvde seg på den staden der lauvet vart tatt. Så vart kjervene borne til hesja. 11780

Hesjene vart laga til lauvet, lauvhesje.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


Ei lauvhesje ser ut som ei vanleg høyhesje, men stengene ligg tettare. Kjervene vert ikkje tatt inn om det kom regn. Lauvkjervene vert ikkje sett på kornstaur, og dei vert ikkje hengt opp på stenger mellom trær. Om løvhjell, sjå nedanfor.

Ukjent at lauvet skal tørke i skygge.

Det vart ikkje laga lauvstakk, men i Sør-Trysil vert lauvet sett på løvhjell. Kjervene vert då sett på pinnor tett saman xx og 1,75 - 2 m. frå bakken.

Ein reknar kjerva i sneis á 10 kjerver som kornbanda. Ask finnest ikkje på Elgshøen. Ein rispa ikkje anna slags lauv for å ha det i håa, men traff det seg slik at lauv låg lageleg til, så raska ein det saman med håa. Surfór av lauv er ukjent.

6. Lauvkjervene vert kjørt heim på vinterføre ettersom ein trong det. Eit lauvlass var vanleg like stort som eit vanleg vinterlass høy. Det låg då på låven til det vart oppbrukt og ein måtte henta nytt lass. Lauv som stod nær ved, kunne ein bæra heim, men ikkje serlege reglar for børa. Dersom ein ikkje hadde hest (sjeldan) drog ein det heim på kjelke eller bar om ikkje vegen var for lang. Det vart ikkje brukt å ha dugnad p å lauvtaking.

7. Det er lite og inkje tre i innmarka (jordet), så praktisk tala elt lauvet vart tatt utanfor skigarden.

Det var ikkje noko serleg arbeidsdeling ved lauvtaking, men oftast vert det så at mennene hogg tre og skar kvist, medan kvinner og born batt kjerver.

8. Det var lite lauv som vart oppbevart heime. Det var oftast ikkje rom for det, men hende det eit år, kunne ein ta inn på låven det lauvet som var tatt nær ved. Det var då lagt der det høvde seg. Det lauvet som vart kjørt heim på vinterføre og brukt ettersom ein trong det, vart og lagt på låven der det høvde.

9. Rognetre og selje vert kalla godløve. Vierlauv (vilauv) dårlegast.

10. Det finnst ikkje alm på Elgshøen.

11-15. Samlauving er ukjent.

B 19 Ikkje brukt rakelauv.

11780

Emnenr. 9. NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Lauving

Pr O. Elgshøen, f. på Elgshøen 1880. Bonde

Fylke: Hedmark
Herad: Trysil
Byggdelag: Flendalen
Gard: Gårdsnr. 28, br.nr. 9.

1. Ved Engeren tar dei nok noko lauv, men ikkje elles.

Lauv var årvisst fôr.

Utenom Engeren-gardane har lauvinga tatt slutt den siste mannsalderen.

2. Det vart tatt lauv 2 gonger om året på om sommaren før slåtten og om hausten

Ein tar lauv av bjørk, rogn og selje

Arbeidet kallast å ta lôv, lôvånn.

3. Ein tar lauv med lôvhakke; det er bakre delen av ein ljå, ca. 15 cm. lang, som er fest til eit stutt, rett skaft. Større tre vert fellt med øks.

Ein har ikkje noko reidskap til å bøya ned greinene med.

Ask og eik finnst ikkje på Elgshøen, veit ikkje korleis det er med dette andre stader.

Det vert rispa litegrand lauv av vi-kjarr (vier-kjarr), men det er svært tilfeldig om ein trong noko lauv i ei snøggvende; Det var ungearbeid. Vier-lauv rekna dei for å vera svært dårleg.

Ein hadde ikkje nokon reidskap til å verne handa med når ein rispa vierlauv.

4. Unge tre vert bøygd ned, større tre vert hogne.

Omgrepet kyllebre er ukjent.

11780

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



2. Omgrepet rispeteinar eller lauvteinar er ukjent. Lauvet vert ikkje tørka på bakken, det blir lagt i kjerver med ein gang. Desse vert hengt på hesjer, men først hadde dei hange 2-3 dagar til tørk i trea der det høvde seg på den staden der lauvet vert tatt. Så vert kjervene borne til ~~hesj~~ hesja.

Hesjene vert laga til lauvet, lauvhesje.

Ei lauvhesje ser ut som ei vanleg høyhesje, men stengene ligg tettare.

Kjervene vert ikkje tatt inn om det kom regn.

Lauvkjervene vert ikkje sett på kornstaur, og dei vert ikkje hengt opp på stenger mellom tre. Om lauvhjell, sjå nedanfor.

Ukjent at lauvet skal tørke i skygge.

Det vert ikkje laga lauvstakk, men i Sør-Trysil vert lauvet sett på lauvhjell. Kjervene vert då sett på pinnar sett saman og 1,75-2 m. på bakken.

Ein ~~[illegible]~~ ~~[illegible]~~ reknar kjerva i snes à 10 kjerver som [Kortbanda]

Ask finnst ikkje på elgshøven. ~~[illegible]~~ Ein rispa ikkje anna slag lauv for å ha det i høa, men traff det seg slik at lauv låg laglegt til, så raska ein det saman med høa.

Surfor av lauv er ukjent.

11780

6. Lauvkjervene vert kjørt heim på vinterføre

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



[Marginal note, keyed to mark F on this page:] F Kvart lauvlasset var omlag like stort som eit vanleg vinterlass høy.

[Left-margin note, keyed to mark 9 on this page:] 9 Lauv som sto nær ved, kunne ein bera heim, men ikkje særlege reglar for børa. Dersom ein ikkje hadde hest (sjeldan), drog ein det heim på kjelke eller bar om ikkje vegen var for lang.

ettersom ein trong det.F Det låg då på låven til det var oppbrukt og ein måtte henta nytt lass.9

Det vart ikkje brukt å ha dugnad på lauvtaking.

7\. Det er lite og ikkje tre i innmarka (jordet), så praktisk tala alt lauvet vart tatt utanfor skigarden.

Det var ikkje noko serleg arbeidsdeling ved lauvtaking, men oftast var det så at mennene hogg tre og skar kvist, medan kvinnene og borna batt kjerver.

8\. Det var lite lauv som vart oppbevart heime. Det var oftast ikkje rom for det, men hende det eit år, kunne ein ta F[inn på låven] det lauvet som var tatt nær ved. Det vart då lagt der det høvde seg. Det lauvet som vart kjørt heim på vinterføre og brukt ettersom ein trong det, vart og lagt på låven der det høvde.

9\. Rognetre og selje vert kalla godlöve. Vierlauv (vi-löv) därlegast.

10\. Det finnst ikkje alm på Elgehöen.

11-15. Samlauving er ukjent.

B 1-9 Ikkje brukt rakelauv.

Nedskrive av Andreas Rogeid 2/6 1953

11780